

TELEMARK NEI TIL EU

Arbeidsplan for 2022

Arbeidsplanen for 2022 blir også prega av at Korona Pandemien set grenser for omfanget av arbeidet vi kan drive med.

Vi skal i 2022 halde fram arbeidet med å styrke folkeopinionen mot norsk medlemskap i EU, ved å ta del i den offentlege debatten og halde oppe og vidareutvikle organisasjonen.

Til grunnlag for arbeidet i 2022 legg vi arbeidsplanen for Nei til EU, som vart vedteken av landsmøtet 6. og 7.november 2020 og vi vidarefører dei faste oppgåver som fylkeslaget må gjere kvart år.

Vi vil utfordre dei politiske partia med handlingsrommet innafor EØS-avtalen i høve til regjeringa og stortinget sitt arbeid med EU sin energipakke IV.

Gjennom fråsegner, allianse arbeid, lesarinnlegg og redaksjonelle oppslag i media vil vi arbeide med å vise korleis EØS-avtala grip inn i og overstyrer folkestyret i Noreg.

På dei marknadane og messene i fylket, som er opne og tilgjengeleg, vil vi delta for å gjere arbeidet og prioriteringane til Nei til EU synlege og verve nye medlemmer. Styret lager ein oversikt over aktuelle plasser vi skal delta.

Vi lager eit års hjul for å strukturere drifta til fylkeslaget gjennom året.

Vi vil legge til rette for at styret og medlemmer kan delta på rådsmøte, leiarmøte og andre aktuelle møte og konferansar i den grad dette er mulig i forhold til smittevern tiltak. Fylkeslaget dekker alle reise- og opphaldsutgifter til rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan gje støtte til reise og opphald for deltakarar på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til AU.

Vi vil arbeide aktivt med verving av nye medlemmer og gjen verving. Dette skal vera ei sentral oppgåve for fylkeslaget.

Vi vil hjelpe det nystarta Grenland Ungdom mot EU med både kunnskap om EU/EØS spørsmålet og økonomiske bidrag.

Vi vil arbeidet med å sikre kommunekontaktar i alle kommunane, og der det er mogleg, skal fylkeslaget bidra for å organisere lokallag.

Vi vil bidra til at alle lokallag og lokalkontakter kan klare å få til eit lokal arrangement i 2022. Vi skal arbeide for å få fleire kvinnelege kommune kontakter.

Vi skal arbeide for å kunne gjennomføre mins eit ope møte om EU/EØS sin påverknad av Noregs energipolitikk.

Årsmøtet Telemark Nei til EU – 14.03.22